

Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 5 · Desember 1979
12. årgang



«Se, jeg forkynner eder en stor glede»

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna.

Redaktør: Audun Stølås, Borge, 5233 Haukeland, tlf. 24 00 61.

Redaksjonsnemnd: Ingvar Fykse, Harald Haugsvær, Bjørg Hellesøy, Målfrid Sandvik.

Forretningsførar: Bjørg Hellesøy, Fagerhaug 3, 5260 Indre Arna, tlf.: 24 14 47.

Bladpengar: Kr. 15,-. Utanbygds/lands kr. 20,-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

ARNA PRESTEGJELD

Prestekontoret Indre Arna: Tlf. 24 04 00.

Kontortid: Tysdag, onsdag, fredag kl. 10 - 11.30.

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Prestekontoret Ytre Arna: Tlf. 24 13 25.

Kan treffes etter avtale

Arna kyrkjelyd sin dagheim: Tlf. 24 12 45.

Adresser:

Sokneprest Øyvind Øy, Vollav. 31, Indre Arna. tlf. 24 02 72 i.

Kateket Målfrid Sandvik, Århaugen 8, Indre Arna, tlf. 24 23 10

Kateket Harald Haugsvær, Lone. Tlf. 24 08 15.

Fung. klokkar Olav K. Hesjedal, Hauge, Haukeland. Tlf. 24 01 17.

Klokkar Per Sæle, Skulev. 8, Ytre Arna. Tlf. 24 13 10.

Organist Paul Leithaug, Birkeveien 47B, Landås

Organist Michael Knutsen, Tyriv. 20, Eidsvåg. Tlf. 25 63 48.

Kyrkjetenar Monrad Ulveseter, Stølv, 15, Indre Arna.

Tlf. 24 09 65.

Kan treffast på tlf.: 24 09 65 tysdag og torsdag

kl. 17.00-18.00 og onsdag og fredag kl. 10.00-11.00.

Vik. kyrkjetenar Arthur Askeland, Haugland. Tlf. 24 11 55.

Oppsynsmann for kyrkjegardane i Arna, Emil Dalseth, 5260 Indre Arna.

Kontortid mandag - fredag 10-11. tlf. 24 05 69.

Soknerådsformann i Arna, Olav K. Hesjedal, Hauge, Haukeland.

Tlf.: 24 01 17.

Soknerådsformann i Ytre Arna, Per Sæle, Skulev. 8, Ytre Arna.

Tlf. 24 13 10.

«Ei stor glede»

— Se, jeg forkynner eder en stor glede, som skal vederfares alt folket.

Eder er idag en frelser født, som er Kristus Herren. Luk. 2. 10-11.

Som slagene fra juleklokken høres over dal og strand hver jul, så lyder ordet fra slekt til slekt om Frelseren som er født. Vi trenger en frelser, vi er i nød. Satan, synden og døden fant oss og slo oss til jorden. Ingen kan lenger reise seg ved egen makt. «Vår nød er stor, i dødens natt vi bor».

Men han som måtte låse porten for oss til livsens land, han lovet å finne en utvei til å åpne den igjen. Det er uråd for oss å forstå det, men Bibelen forteller at allerede før verden var grunnlagt, hadde Gud ordnet med hjelpen. Og da tiden var inne, kom han selv til jord og ble vår frelser. Han som alle ting er skapt ved, han ligger i stall og på strå, for å gjøre oss rike ved sin fattigdom. Nå regner ikke Gud med oss lenger, nå regner han med ham som sa: «krev av meg». Han er gått inn i vår ætt, som menneske blant mennesker, som den annen Adam, så han kan ta bort det onde den første ga oss i arv.

I gleden over det som nå times oss mennesker, synger engler og himmelske hærskarer lovsangs-toner opp til Gud og frelsens bud ned til jord. Kom da og syng med, alle som har hjerte, munn og mæle, og la oss tilbe ham som kom og ville frelse oss fortapte.

L.H.

Kyrkjelydsbladet ynskjer alle lesarane ei velsigna julehøgtid.

Forsidefoto: Finn Tollefsen.

Julens Barneside

KRYSSORD

KVEN BAR ENGELEN BOD OM?

Svaret skal stå i den loddrette rubrikken i midten

Fyll først ut vassrett frå 1 - 7.

(Hjelp til svara kan du finna i kap. 2 i Lukasevangeliet)

1. «...vere Gud i det høgste»
2. Engelen kom med bod om ei stor....
3. Den Ande
4. Byen der templet var
5. Byen der Jesus vokt opp
6. Mor til Jesus
7. Snakkar med Gud

Når du har løyst eine eller begge oppgåvene, skriv du løysinga/-ne nedanfor, og sender slippet til

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA, Arna kyrkjekontor,
5260 Indre Arna, innan 12. januar.

Vi trekker ut ei rett løysing frå kvar oppgåve. Vinnarane får ei bok i premie.

KLIPP-----

1. Løysing på kryssord:


Kven bar engelen bod om? -----

2. Løysing på rebus:


..... Namn: Alder:

Adresse:

Julens Barneside



REBUS (bokmål)



Misjonsbrev frå Ngaoundere

Av Ingjerd og Oddvar Mestad

Kjære vener i Norge!

Takk for sist!

Tida har gått fort, vel fort, synest me her i Cameroun. Det er alt mange veker, ja over to månader sidan me drog frå Norge, og endå har me ikkje fått sendt dykk alle ei helsing. Derfor lyt me taka trykkekunsten til hjelp, og senda eit stensilert brev som kan nå dei fleste.

Fyrst lyt me fortelja at me har det godt her, på alle måtar. Me fekk midlertidig koma inn i «Tanngården», huset til tannlegen her ved sjukehuset, det stod tomt. De veit at ein av grunnane til at me ikkje kunne reisa utigjen før i april i år, var at det mangla hus, her i Ngaoundere. I morgon vert det huset me eigentleg skal bu i fråflytta, men me lyt endå venta nokre dagar på innflytting, for huset må pussast noko opp.

Bagasjen vår er kommen vel fram, til slutt. Me venta lenge, men

så kom han, både det me sende med fly, og det me sende med båt. Og alt kom fram heilt, og alt kom fram - utan at noko var støle. Me synest det er mykje å vera takksame for. Det er mange som misser større eller mindre parti av bagasjen sin.

Nå står kassane rundt oss. Me sa fyrst at alt får stå uopna til me flytter i huset vårt, men etter kvart er kassane spretta og tinga tekne i bruk. Den siste kassen vart opna i forgårs. Rotet regjerer altså, men så vert det betre etter kvart. Lukkeleg den som slepp å flytta!

Turen hit ut gjekk fint, via Stavanger, Oslo, Geneve og Douala. Forresten, me heldt på å verta akterutseilte på flyet frå Geneve, for annonsetavia i Geneve fungerte ikkje rett, og lyset for vårt fly vart ikkje tennt i tide. Me vart leie av å venta, og tok til å gå mot utgangen. Det visste seg å vera klokt, for me kom fram i siste liten - det var sikkert

fleire hundre meter å gå! Det store flyet førde oss trygt fram over Middelhavet, over Sahara, og tvers over Afrika til havnebyen Douala, som også har den internasjonale flyplassen i Cameroun. Der budde me på pensjonatet til den katolske misjonen, før me kom oss vidare med neste fly, tre dagar seinare.

Her i Ngaoundere var både svarte og kvite på flyplassen for å taka imot oss. Det var moro å vera ute igjen. Det er alltid rart å merka når ein er velkommen.


På sjukehuset fann me straks arbeidet igjen. Noko var forandra, men det meste som før. Enkelte nye andlet, spesielt hjelpepleiarar, - nyleg utsamnerte frå den nyoppretta offentleg autoriserte hjelpepleiar-skulen vår. Andre arbeidarar var komne inn til sjukehuset frå «broussen», dvs. frå ei sjukestove utan sjukehus og dokter, for å få ei oppfriskingstid ved sjukehuset vårt. I den

kvite staben var det også forandringer, nokre nye, nokre gamle kjende reist andre stader. Slike må me leva med. Pasientane representerer om lag dei same problem no som før. Det har vore gildt at me har kunna hjelpe nokre av dei spesielt, med midlar me fekk med frå dykk. Hjarteleg takk skal de ha.

Noko har me kjøpt utstyr for, noko medisiner for, og noko er brukt, og vil bli brukt, til mat, sjukehusopp-hald, operasjonar m.m. for därlegstilte pasientar. Til vanleg greier pasientane det meste av utgiftene sine sjølv, men sume har därleg råd, og treng hjelp, eller dei har vore lenge sjuke og derfor har därleg råd, og store reknningar.

Me tenkjer spesielt på dei spedalske, som i tillegg til å vera sjuke, også er funksjonshemma slik at innkomene vert reduserte. Tablettbehandling får dei av det offentlege, men sårbehandling må dei betala sjølv. Det var ei glede å kunna seia til ei spedalsk kone i Gadjiwan, med eit digert sår på det meste av fotsålen, at nå har me midlar til å hjelpa deg, både til reisa, sjukehusopp-haldet med operasjonane, og med mat

for deg og den du må-



te ha med deg til sjukehuset. Ho fekk også vite at dette er det folk i Norge som betaler. Ho kom igjen dagen etter, liksom for å forvissa seg om at dette var sant, og for å avtala når ho skulle koma. Me vart samde om at det høvde best i turketida, når vegane vart farbare. Før det kunne ho ikkje få nokon med seg heller, ingen ville reisa med henne frå akranane sine.

Dei av dykk som føl med i avisar og blad, vil vera orienterte om at NORAD har innviglia ein større sum til utbygging av sjukehuset vårt. NORAD dekker 80% av eit prosjekt på ca. 5 mill. kroner. Det inkluderer ny fødeav-

deling, mor-og-barn-stasjon, lager, 8 husvære for arbeidarar ved sjukehuset, nytt dispensær (til ambulant behandling), internat til hjelpepleiar-skulen, og inngjerding av sjukehuset. Dette arbeidet skal me snart taka til med, - planlegginga har pågått sidan 1976, og nå er me snart klare til å byggja. Det er Misjonsselskapet som skal syta for dei attståande 20% - det er kanskje noko å tenkja på for dei som har overflod!

Her lyt eg slutta, det er varmt alt, og eg får trekkja inn frå altanen til skuggen inne. Med dei beste ynskje og helsing med Apostelgjerningane 13,38.

Einar Tesdal til minne

Sokneprest Einar Tesdal er gått bort. Bodet har nådd hans mange vener og kollegar med sorg. Tanken på at han ikkje lenger er mellom oss, kjennest vemodig.

Einar Tesdal var sunnhordlending, fødd på Stord i 1905. Teologisk embeteksamen tok han ved Universitetet i Oslo 1931 og vart prestevigd året etter.

Dei første åra av si prestetid var han hjelpeprest i Herdla og Tysnes, sidan prostiprest i Sunnhordland og ei tid lærar ved Bergens gutteheim på Garnes. Frå 1940-1959 var han sokneprest i Herdla. Derifrå kom han til Arna, som res.kap. i tidlegare Haus prestegjeld. Då Arna vart skild ut som eige prestegjeld i 1976, vart Einar Tesdal første soknepresten der, og i denne stillinga var han til han gjekk av med pensjon i 1973.

Også etter at han vart pensjonist, var Tesdal for ein del i aktiv teneiste, først og fremst som vikarprest i Osterøy og seinare i Arna, der han og budde. Han fall så og seie på post. Helgemessesundag skulle han ha hatt gudsteneste i Ytre Arna, men dagen før fekk han reisebod. Vi som hadde den gleda å arbeide saman med Einar Tesdal og fylgje han på nært hånd, lærde å setja umåteleg stor pris på han, både som prest og som menneske. Di betre kjende vi vart med han, di meire skjøna vi og å verdsette han. Han var eit menneske ein måtte bli glad i.

Den omsorg han synte for kyrkjelydane sine, kollegar og medarbeidarar, gjorde eit sterkt inntrykk.

Det vi først tenkjer på med Tesdal, er vel det varme hjartelaget hans. Særlig hadde han ei underleg

evne til å hugse på slike som vi har lett for å gløyme. Dei som gjerne opplevde seg som taparane, låg hans hjarta særskild nær. Han prøvde alltid å finne det beste i kvart menneske og ta det fram. Han var den første til å orsake sine medmenneske og synne vilje til å ta alt i beste meinung.

Det var lett å samarbeide med Tesdal. Men han hadde og sine meininger og var aldri redd for å gje dei til kjenne. Ein kunne stundom vere usamd med han, men det gjekk ikkje ut over venskapen. Han hadde evna til å skilja sak og person.

Tesdal kunne som få nå inn til hjarto frå preikestolen. Men kanskje han likevel nådde lengst som sjælesørjar, ved ei sjukeseng, eller ved samtale i einerom. Mange er dei han fekk hjelpe og trøyste og gje evangeliet til på den måten.

Tesdal var glad i kyrkja og teneista si. Ofte kunne det nok bli travelt, og dagane slitsame kanskje. Men tenesta sjølv var aldri ei bør for han, snarare var det noko som heldt han oppe. Det var det han levde for.

Saman med kjærleiken til kyrkja og prestegjerninga, gjekk kjærleiken til og vørnaden for målet. Morsmålet var ikkje berre ei formasak, men ei hjartesak for han. Han skjøna som få korleis målet er bærar av kulturelle verdiar, som uttrykk for vår identitet og eigenart.

Ein glad og trufast tenar, ven og kollega er gått bort. Tankane går til familien som kjenner saknet sterkest med bøn om at Gud vil styrke dei i sorga.

Vi lyser Guds fred over minnet til Einar Tesdal.

Ingvar Fykse

Formannen i Diakonutvalget

Behov for frivillige i besøkstjenesten

Diakoniutvalget i Arna avholdt tidlig i høst et møte for besøkere innen besøkstjenesten, der aktuelle ting innen dette arbeid ble tatt opp til drøfting.

Sykepleiesjef Lars Taule kom i sitt innlegg «Tru verksam i kjærleik» som var en innledning til kveldens samtale inn på den rent konkrete måten i det å være besøker og å være kristen. «Du skal ikke alltid se på de andre og tro at du ikke duger», sa han. «Du skal være deg sjøl og komme til Gud med det du har og slik du er, så vil han velsigne det». Taule tok fram fortellingen fra Bibelen om gutten med småfiskene og de to brød som kom til Jesus. Gutten kom med det han hadde og Gud velsignet det. «Det viktigste er å være trofast i tjenesten, be om å få kraft i tjenesten og lytte til hva Gud sier, slik at en kan bli vist de tjenester en skal gå inn i», sa Taule videre og sluttet slik: «Gud har en oppgave til alle hvis en bare er villig. Det gjelder ikke alltid de store ting, men også små ting, små oppgaver».

I samtalene etterpå som var meget givende ble Taules innlegg utdypet med personlige erfaringer og vitnesbyrd fra deltakerne. — Menighetsens nye organist underholdt med musikk og det var en enkel bevertning.

Kyrkjelydsbladet har spurt formannen i diakoniutvalget, Einar Kristiansen, hvordan han er fornøyet med besøkstjenesten?

— «Ja det er i høst faktisk to år siden vi startet opp med dette arbeidet og vi har en fin flokk besøkere som er trofast i tjenesten. Arbeids-

marken er imidlertid stor og der er plass for mange», sa Kristiansen — «Det er sikkert en eller annen som kanskje kunne ha litt tid å besøke en syk eller gammel i menigheten. Mange kvier seg og mener de ikke duger, men jeg tror der er oppgaver, bare en er villig».

— «Er det andre oppgaver diakoniutvalget arbeider med nå?»

— «Ja, som et ledd i samlingen om gudstjenesten og for å få en bedre kontakt med kirkegjengerne har diakoniutvalget stått for en enkel arrangert kirkekaffe i Borgstova hver siste søndag i måneden».

— «Hvordan har det slått an?»

— «Vi var jo veldig spent når vi satt igang for vel et år siden, men jeg tror det har slått godt an spesielt siden det er like ved kirkehuset i Indre Arna. Jeg vil ellers nevne at det også har vært arrangert lignende kirkekaffe i Ytre Arna et par ganger. Det arbeides her med å komme i fastere gjenge».

— «Planer framover?»

— «Ja, de diakonale oppgaver er mange. Det vi i første omgang arbeider med er å få et skikkelig opplegg for kirkeskyss til gudstjenestene. — Vi kunne ellers tenke oss å få ungdommen i menigheten inn i mer praktisk diakonal tjeneste med vedhogging o.l. for eldre. En slik ordning var i gang da vi hadde diakonal ettåring for en del år siden, men har siden ikke fungert».

— «Noen ønsker for det nye året?»

— «At vi måtte få flere besøkere i besøkstjenesten», sier Kristiansen til slutt.

Aksjon i Arna

Det vert evangelisk aksjon i kyrkja i Indre Arna i tida 11.-23. mars og i Ytre Arna 25.-29. mars. Talar under aksjonen vert Landssekretær John Olav Larssen. Vær med og be for desse møta.

-KIRKEN SOS IBERGEN

- senter for samtale og sjel-sorg
- for mennesker i en vanskelig livssituasjon
- åpent alle dager kl. 19.00 — 07.00
- tlf. 23 30 80

Helsing

Vi vil sende ei helsing til kvar ein skild i kyrkjelydane i Arna. I den tida vi har vore her har vi funne oss godt til rette mellom dykk og vi er takksame for all den hjelp og velvilje vi har møtt. Etter kvart vonar vi å kome rundt i dei ulike delar av kyrkjelyden og verte kjende med dykk. Spesielt vil vi sende ei helsing til alle gamle og sjuke.

Vi ynskjer Guds signing over julehelga og det nye året.
«Kom, tilbe ham Guds under:
Vår Herre Krist.»

Helsing
Gerd og Øyvind Øy

Gud steg ned...

*Julens glede...
Gud ble menneske
som oss, født i stall
og svøpt i kluter.*

*Julens lykke....
Gud steg ned
i våre kår,
all vår trengsel
tok han på seg -
våre byrder
har han båret....*

*Julens fred....
Den som finnes
i hans følge
og som gis til alle -
alle som vil knele
ned ved krybben,
synge ut i takk og tro:
Kom i våre hjem
og hjerter
med din ånd
og med din fred....*

Asbjørn Sandnes

Familieside



Arna sokn

Døypte:

23.06

Tormod André Egeland, Fredrik Skuggen, Erik Berg Haugland, Erik Opheim, Bjørn Tore Taranger, Gerda Marie Akselberg, Tonje Folland, Tove Selvik.

26.08

Synnøve Kalstad.

1.09

Elisabeth Lillian Nilson.

2.09

Kathrine Njøten, døypt i Åsane.

8.09

Lena Bidne Mjelde, Dan Erik Hammersland, Jan Aril Sivertsen, Einar Solberg, Eivind Natås.

16.09

Bernt Åge Hartveit.

23.09

Torstein Sortland, Øystein Sortland, Ørjan Johan Hellesland, Morten Helgås (Ytre Arna).

29.09

Raymond Unneland, Jarle Juvik, Jannicke Nøkling.

6.10

Bjørn Inge Nøkling.

7.10

Christian Joachim Haude, Arild Johannessen.

14.10

Janne Sofie Reknes, Thomas Borge, Ruben Morland Hordnes (Birkeland)

28.10

Karin Eide, Richard Morten Kogstad.

3.11

Kariann Anthun Klovland, Anette Cecilie Bjørnenak, Cecilie Jørgensen, Kristine Borge, Britt Helen Langenes, Anna Wærdahl, Stian Faugstad, Elling Jordal Minde, Arnfinn Minde, Frode Svendheim.

11.11

Renate Halland, Solrunn Hommedal, Roar Bergtun Eliassen, Bjørn Træland Borge, Robert Dahle.

VIGDE:

4.08: Jostein Aadland og Eli Halland (i Fana)

1.09: Bjørn Alfheim og Elin Birkeland

8.09: Jarle Roger Sandvik og Gunhild Thorsen

15.09: Njål Johan Vassnes og Elin Johannessen (i Ytre Arna)

29.09: Arnstein Natland og Anne Berit Unneland

6.10: Lars Inge Kvamme og Elisabeth Rolland

20.10: Magne Johan Utskot og Tove Nordvik (i Birkeland m.)

DØDE:

8.08: Marie Romslo, f. 1921

Framhald s. 12

20.08: Bernhard Mongstad, f. 1951
3.09: Kari Haukøy, f. 1895
10.09: Berta Røslund, f. 1888
16.09: Brita Veset, f. 1897
16.09: Bergljot Heggertveit, f. 1897
20.09: Ruth Mostrem, f. 1915
21.09: Hilda Alette Wæhle, f. 1890
23.09: Robert Solberg, f. 1955
23.09: Olga Hausvik, f. 1906
8.10 Aslaug Sæve, f. 1902
20.10 Ingeborg Tunes, f. 1889
27.10 Mons Monsen Mjelde
1.11 Erling Kalsås, f. 1917
3.11 Einar Tesdal, f. 1905
7.11 Arnt Emil Iversen, f. 1913

Ytre Arna sokn

Døpte

23/08 Morten Helgås
30/09 Heidi Klaveness

Vigde

15/09 Njål Johan Vassnes og Elin Johannessen
22/09 Steinar Helge Gjøen og Anne Bergesen
13/10 Steinar Flatås og Irene Mjelde

Døde

11/09-79 Mons Johannes Kalsås f. 1913.
18/10-79 Alf Nilsen f. 1925

ARNA SPAREBANK

Indre Arna - Espeland - Ytre Arna



Banken i Arna frå 1866
Banken der du bur

— til bygdefolket sitt beste
gjennom 113 år.

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 232050

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Foss gt. 11, tlf. 232050

Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk,
der alle kundar, store som små,
er hjarteleg velkomne.



VESTLANDSBANKEN, avd. Arna

ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss
De også. Vi gir god service.

KVERSØY BILFORRETNING

ESPELAND

Tелефon 24 00 17 — 24 08 45

I MIN FORRETNING
finn De gaver til bryllup, konfirmasjon
og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 240496

ESPELAND BEGRAVELSESBYÅ

Telefon 240808
Begravelser og bisettelser ordnes
Transport med egen bil
Annonser, sanger, sløyfer
Monumenter besørges oppsatt

ESPELAND GARTNERI

Telefon 240809
Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

— Assurandør —
OLAV A. HOVDEN



Er autorisert rådgiver i forsikring.
Han hjelper Dem med alt innen for-
sikring, finansiering, og leasing.
Ring, stikk innom eller send noen ord

Storebrand  **Idun**
for sikkerhets skyld

Postboks 17 5260 Indre Arna
Telefon 241532 — Privat 280811

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning
Hugs at vi har laveste pris,
og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 241188
Arnatveit — telefon 241970

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

Blomar til alle høve!

Vår spesialitet er dekorasjonsplanter
GARNES GARTNERI

Telfon 240401 — Garnes.
Utsal: Espeland — Tlf. 241727.

Velkommen til kyrkje

Preikeliste for Arna

9. des.

Arna kl. 11, sokneprest Øy. Offer til dagheimen. Barnevakt.

Arna kl. 15.30. Barnekonsert.

Arna kl. 17.00. Julekonsert.

Ytre Arna kl. 11, prost Stormark.

Ytre Arna, Sentrum kl. 19. Julekonsert.

16. des.

Arna kl. 11, prost Stormark. Barnevakt.

Arna kl. 19. Kyrkjekonsert.

Ytre Arna kl. 11, sokneprest Øy.

23. des.

Arna Helseheim kl. 11, sokneprest Øy.

24. des.

Arna kl. 15. Familiegudsteneste ved sokneprest Øy. Offer til Kirkens Nödhjelp.

Arna kl. 16. Familiegudsteneste ved sokneprest Øy. Offer til Kirkens Nödhjelp.

Ytre Arna, Sentrum kl. 16. Familiegudsteneste ved prost Stormark.

25. des.

Arna kl. 11. Høgtidsgudsteneste ved sokneprest Øy. Arna Kyrkjekor. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

Ytre Arna kl. 11. Høgtidsgudsteneste ved prost Stormark.

26. des.

Trengereid kl. 11, sokneprest Øy. Offer til Det Norske Misjonsselskap

30. des.

Ytre Arna kl. 11, sokneprest Øy. Nattverd.

31. des.

Arna kl. 23.15. Midnattsmesse ved NKUF.

1. jan.

Arna kl. 11, prost Stormark. Nattverd.

6. jan.

Arna kl. 11, sokneprest Øy og sekr. Gunnar Kjøde. Offer til Nordhordland Indremisjon. Barnevakt.

Ytre Arna kl. 11, prost Stormark og emissær Ingolf Strand. Offer til Nordhordland Indremisjon.

13. jan.

Arna kl. 11, prost Stormark. Nattverd. Barnevakt.

Ytre Arna kl. 11, sokneprest Øy. Nattverd.

20. jan.

Arna kl. 11, sokneprest Øy. Familiegudsteneste.

Arna kl. 19, ungdomsgudsteneste.

Trengereid kl. 11, prost Stormark. Nattverd.

27. jan.

Arna kl. 11. Domprost Monstad og res.kap. Sundsbø. Innsetjing. Kyrkjekaffi.

3. febr.

Arna kl. 11, sokneprest Øy. Nattverd. Barnevakt. Kyrkjekaffi.

Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd.